



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkvSak: 20/280
ArkvID: K1-141, PLANID-Samfunnsdelen 202002
Saksbehandlar: Inger Elisabeth Hilstad

Saksnr.	Utval	Møtedato
74/20	Kommunestyret	19.11.2020

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032

Vedlegg:

06.11.2020	Planutkast - samfunnsdelen 2020-2032	166553
27.10.2020	Alle innspel 2020	165765
28.10.2020	Alle innspel_næringsstrategimøte	165767
27.10.2020	Statistikkunderlag - arbeidsdokument	165766

Bakgrunn for saka:

Etter plan- og bygningsloven §11-1 skal alle kommunar ha ein kommuneplan. Gjennom planstrategien for Øystre Slidre 2020-2023 blei det vedtatt revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel i 2020. Ny og revidert samfunnsdel med næringsstrategi og arealstrategi for Øystre Slidre skal syne retningen for samfunnsutvikling dei neste 12 åra.

Saksutgreiing:

Kommuneplanen er todelt, og skal innehalde ein samfunnsdel og arealdel. Eit godt plansystem er viktig for å sikre gjennomføring av vedtekne mål. Samfunnsdelen er Øystre Slidre kommune sitt viktigaste verktøy for heilskapleg planlegging, både med omsyn til heile kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Øystre Slidre kommune sin førre samfunnsdel blei vedteken av kommunestyret den 23.10.2014, og har ikkje blitt revidert sidan. Planen skal fungere som ei rettesnor for samfunnsutviklinga i kommunen dei neste åra.

Samfunnsdelen skal leggjast til grunn for kommunen sin eiga verksemd og for statleg og regionale myndighéitar si verksemd i kommunen. I planstrategien for Øystre Slidre 2020-2023 blei det vedtatt at kommunen sin samfunnsplan også skal ha ein næringsstrategi, dette er fylgt opp gjennom planprogrammet og høyringsutkastet.

Skal me få best mogleg nytte av planen er det viktig at vi tek omsyn til kommunen sin økonomi og at planen er strategisk og handlingsretta. Det er viktig med brei forankring og at me har ei felles forståing for dagens situasjon, både hjå politikarar, administrasjon, innbyggjarar og brukarar av kommunen. Gjennom arbeidet får har me kartlagt dagens situasjon, og på denne måten lagd til rette for at kommunesamfunnet skal vera så godt forberedt for dei moglegitene og utfordringane som møter oss inn i framtida.

Me skal og ta omsyn til nasjonale og regionale mål og knyte dei til lokale forhold. Gjennom ein god medverknadsprosess vil me kunne knytte saman lokale ynskjer og kunnskap saman med fagkunnskapen til administrasjonen. Sjølv prosessen fram til ein plan er kanskje like viktig som sjølv planen. Skal samfunnsdelen ha ein funksjon inn i framtida, må den gi grunnlag for konkrete prioriteringar, bidra til betre heilskaplege løysingar og meir føreseelege rammevilkår både for kommunen og innbyggjarane. Handlingsdelen av samfunnsdelen skal reviderast årleg gjennom handsaming av økonomiplanen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er førande for arealdelen. Førre arealdel blei vedteke den 26.01.2017. Det er bestemt ei revidering av arealdelen, for å gjere hovudlinjene i arealpolitikken tydelegare. Kommuneplanen sin arealdel skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling (samfunnsdelen) og arealbruk. Dei ulike vurderingane i samfunnsdelen bør og skal skilje mellom forhold som har betydning for vidare arbeid med kommunen sin arealdel og kva forhold som har betydning for kommunenesamfunnet som heilheit.

Nasjonale føringer

Internasjonale trendar og utvikling vil påverke næringslivet og dei internasjonale forpliktingane Noreg har påverkar også livet i Øystre Slidre kommune. For å nå FN sine berekraftmål er kommunane ein nøkkelaktør. Det er kommunen som er nærmast befolkninga, lokale bedrifter og organisasjonar.

Ein arealstrategi i samfunnsdelen vil gi ei meir langsiktig retning på areal- og ressursforvaltninga til kommunen og medverke til heilsakleg avveging mellom nasjonal, regional og kommunal politikk. Kommunen skal legge til rette for at alle kan delta i planprosessar og skal bruke samfunnsdelen til å gi samfunnsutviklinga i kommunen ei meir strategisk retning. Kommunen skal bidra til effektiv og rask handsaming av plansaker, og tidleg gje god og tydeleg informasjon om krav til utgreiingar og dokumentasjon.

Planlegging vil vera eit avgjerande verkemiddel for å leggje til rette for vekst i lokal næringsaktivitet og arbeidsplassar. Klimagassutsleppa skal reduserast i samsvar med nasjonale og internasjonale mål, dette må også Øystre Slidre bidra med. Eit viktig element for å møte utfordringar og det lågutsleppsamfunnet me skal vere i 2050.

Det er viktig med ei aktiv forvaltning av natur og kulturminneverdiar. Langsiktig planlegging sikrar verdiane då arealendringar er den største trusselen mot naturen og artane. Kommunen bør prøve å unngå omdisponering av dyrka mark og gjennom sine planar sikre næringsgrunnlaget til landbruket. Dette kan ein mellom anna gjere med å fortette bustad- og hytteområder, men samtidig ta vare på samanhengande grønstruktur og oppretthalde korridorar i landskapet.

Fortetting vil kunne styrke kollektivtrafikken og gjere det lettare for befolkninga å gå og sykle meir i dagleglivet. For barn er særleg dei mindre lokale tiltaka viktige, slik som gang- og sykkelvegar og nærliek til leike- og rekreasjonsareal. Sjølv om kommunane skal legge til rette for høg arealutnytting, må me også ha kvalitet i omgivnadane, med vekt på arkitektur, kulturmiljø, grønstruktur og andre miljøverdiar. Kommunen må sikre trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø og sikre gode vilkår for god psykisk og fysisk helse i planlegginga.

Regionale føringer

Gjennom Innlandsstrategien prioriterer fylkestinget dei største, mest komplekse og viktige utfordringane, som må løysast med regionale planer som verkemiddel. Fylkespolitikarane har vedteke ein visjon for Innlandet, som har med seg den felles historia, og peikar samtidig på dei moglegheitene det nye fylket har: "*Et fylke med sterke røtter og store drømmer, med en ledende posisjon innen teknologi, industri, landbruk og reiseliv*". Saman med visjonen vedtok fylkespolitikarane fire satsingsområder: **Innbyggjar, innovasjon, inkludering og infrastruktur**. Satsingsområda skal danne eit grunnlag for meir tverrfagleg samarbeid og heilsakleg politikkutforming. I tillegg er det fleire regionale planer som legg føringer for kommunane i Innlandet.

Samfunnstryggleik

Heilsakleg ros-analyse i Øystre Slidre blir oppdatert og revidert kvart 4.år.

Folkehelse

Folkehelseoversikten jamfør §5 i folkehelseloven blir oppdatert og handsama i kommunestyret kvart 4.år. Den skal sikre eit langsiktig, systematisk og treffsikkert folkehelsearbeid og har ein nødvendig oversikt over helsetilstanden i kommunen, og positive og negative faktorar som påverkar denne.

FN sine berekraftsmål

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel skal kommunen ivareta både kommunale, regionale og nasjonal mål. Eit av dei nasjonale måla er at kommunen skal legge FN sitt berekraftsarbeid til grunn og plan- og bygningsloven §1-1 seier at all planlegging fremma berekraftig utvikling. Berekraftsmåla til FN er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. Rådmannen har valt ut åtte av 17 mål som støtte opp om kommunen sine eigne mål og strategiar.

Medverknadsprosessen

Samfunnssdelen er underlagt medverknadskrava i plan- og bygningsloven §5-1. Opne planprosessar med gode medverknadsmoglegheiter er viktig og ynskjeleg av mange grunnar. Både forståing og eigarskap for planar i kommunen er sentralt. Realisering av planar er enklare viss flest mogleg forstår kvifor planane er viktig. Samfunnssdelen får innverknad for mange, både einskilde personar, næringsverksemder, lag og organisasjoner.

I samband med utarbeiding av samfunnssdelen har kommunen hatt tre ope møter knytt til næringsstrategien. Her blei eksterne og interne innleiarar utfordra til å sei litt om moglegheiter og utfordringar innanfor næringane bygg og anlegg, reiseliv og landbruk. Etter innleiingane blei deltarane (mellan 10-30 stk) delt inn i grupper og fekk utlevert tre oppgåver. Innspela frå desse møta kan lesast i vedlegg: *alle innspel-næringsstrategimøte*.

Kommunestyret ynskja å nytte kommunestyremøta til å arbeide med ulike tema i fleire omganger. Dette blei gjennomført den 17. september (halv dag), 1.oktober (heildag) og 22. oktober (halvdag). Det har blitt nytta interne og eksterne innleiarar til temaa folketalsutvikling, næringsstrategi, klima og miljø, oppvekst og idrett, kultur og frivilligkeit, før kommunestyret har blitt delt inn i fem grupper og fått utdelt ulike skriftlege gruppeoppgåver. Etter på blei svara gått gjennom i fellesskap. Fem representantar frå ungdomsrådet bidrog med innspel i gruppearbeidet den 22.oktober. Innspela frå kommunestyret er lagd til grunn ved utarbeiding av utkast til ny samfunnssdel.

Moglegheitsstudien Heggenes/Tingvang, rapporten frå prosjektet buseetting, innovasjon og næringsutvikling og Ungdata-undersøkinga er brukt som underlag i utarbeidinga av ny samfunnssdel.

Statistikkunderlag – arbeidsdokument er brukt for å danne seg eit bilet av status og potensielle utfordringar i kommunen.

Oppsummering av innspel

Me fekk inn 11 innspel til samfunnssdelen innan fristen 28.september. Dei er kort sumpert opp og kommentert her, innspela er lagt ved saksutgreiing og kan lesast sin heileheit.

Jordvernalliansen

Nasjonal jordvernstrategi må eksplisitt inn i alt planarbeid. Jordvernalliansen forventar at jordvern tydeleg blir omtalt i samfunnssdelen.

Kommentar: Jordvern/omdisponering av areal er omtalt i planutkastet.

Statens vegvesen

Dei tilrår at samfunnssdelen viser klare mål og arealpolitiske føringar for seinare revisjon av

arealdelen.

Kommentar:

Det er utarbeidd ein arealstrategi som skal vera førande for arealdelen.

DNT Valdres

Dei ynskjer at kommunen vektlegg tema som langsiktig arealstrategi, friluftsliv, naturmangfald og landskapsvern. Dei ser og at revisjon av stig- og løypeplan, etablering av arealregnskap og samarbeid med nabokommunar om regional fjellplan, er viktig punkt og at ein i større grad ser hyttebygging i eit areal- og miljøperspektiv.

Kommentar: Langsiktig arealstrategi er omtalt i planutkastet.

Naturvernforbundet

Meiner at ein må fokusere på kartlegging av biologisk mangfald. Kommunen bør også utarbeide ein arealstrategi der arealnøytralitet blir vurdert. Skal ein kunne måle arealnøytralitet må ein ta i bruk arealregnskap. Dei oppfordrar og kommunen til å vidareføre arbeidet med utbyggingsgrenser (fjellgrenser). Kommunen sitt ansvar for reduksjon av klimagassutslepp må vera vektlagt i planarbeidet.

Kommentar: Arealstrategi er teke inn i planutkastet, inkl. ei vidareføring av utbyggingsgrensa mot fjellet.

Direktoratet for mineralforvaltning

Oppmodar at det i samfunnssdelen blir lagt til rette for å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for mineralressursane i kommunen og det der blir gjort ein grundig vurdering av ressurssituasjonen og behovet for mineralske ressursar.

Kommentar: Innspelet blir teke til vitande.

Fylkesmannen i Innlandet

I ny kommunelov skal ein i økonomiplanen vise korleis samfunnssdelen skal følgast opp. Fylkesmannen tilrår at ein sikrar koplinga mellom samfunnssdelen og økonomiplanen. Dette vil gi ei meir realistisk planlegging og sikrar gjennomføring.

I kommunebiletet til Øystre Slidre har fylkesmannen peikt på to sårbare felt: rus og psykisk helse og sosiale tenester. Elles vurderer fylkesmannen at kommunen har forbettingspotensiale innan kommuneøkonomi, samfunns- og arealplanlegging, skule, barnevern og klima. Fylkesmannen oppmodar kommunen å ha med seg dette i revideringa av samfunnssdelen. Vidare oppmodar dei til å ha med ein arealstrategi i samfunnssdelen.

Fylkesmannen forventar at hyttekommunane evaluerer dei samfunnsmessige, miljømessige og økonomiske verknadane av eksisterande utbygging og om kommunen er rusta til å handtere dagens mengde deltidsinnbyggjarar, før det eventuelt leggast til rette for vidare hytteutvikling. Til slutt rår dei Øystre Slidre kommune til å gjera ei grundig evaluering av si handtering av koronapandemien, og leggje erfaringane til grunn for framtidige revideringar av sine beredskapsplanar.

Kommentar: Planstretegien viser samanhengen mellom planane i kommunen, m.a. samanhengen mellom økonomiplan og kommuneplanen. Utkastet til kommuneplan innehold ein arealstregi som ramme for revidering av arealdelen.

Nicolay Flaaten, Grete Hedalen og Elisa Sevilla Ulfstedt – innspel til næringsstrategien:

For å oppnå ein lønnsam, langsiktig og sunt reiseliv må ein i større grad leggje til rette for opplevingsproduksjon. Å satse på opplevingsproduksjon vil gi auka verdiar til kommunen, auka attraktivitet som bustad, auka attraktivitet som reisemål, forvaltning og formidling av

kulturarv og natur. Vidare er opplevingsproduksjon ein ressurs som ikkje blir brukt opp, viss ein gjer det på ein rett måte. Den viktigaste ressursen er i utgangspunktet tilgangen til fjell, skog og mark, som igjen i utgangspunktet er tilgjengeleg for alle.

Korleis leggje til rette for å skape gode vekstvilkår for opplevingsproduksjon?

- Disponering av areal og naturområde, der det er mogleg å etablere opplevingsbasert verksemd.
- Utvikling av stiar og løyper som gjer det mogleg å gjennomføre trygge og kvalitetsprega opplevelingar. (ridesiar, hundekøyringsløyper, sykkelstiar og skiløyper)
- Arbeid med kommunikasjon og forankring som bidreg til å skape god haldning og unngå eller løyse konfliktar med t.d. landbruket.

Opplevingsproduksjon må sjåast på som ein eigen verksemd med veldig spesifikke behov for tilrettelegging, på lik linje som andre typar verksemder. Dei ynskjer tett samarbeid med kommune og landbruk.

Kommentar: Sikring av miljøkvalitetar som grunnlag for næringsutvikling og finansiering og utvikling av fellesgode er teke inn i utkastet til plan.

Hytte- og velforeiningane i Øystre Slidre

Innspel frå hyttelaga er todelt:

Meiner ein må sjå på deltidsinnbyggjarane som ei sekundærmålgruppe – etter innbyggjarane. Dei meiner og ein må skilje mellom turistar/gjester i kommunen og deltidsinnbyggjarane. Dei støtter fullt opp om visjonen rein naturglede. Dei ynskjer at kommunen blir arealnøytral og utbyggingsgrense blir sikra. I framtidige planar ynskjer ein at relasjonen til deltidsinnbyggjarane har ein sentral plass. Ein må ha eit trygt og tilgjengeleg helsetilbod for alle og ha tilstrekkeleg med legevaktkapasitet i sesongtoppane.

Den andre delen av innspellet er frå leiaren i Ole og Hedalen vel. Innspellet er eit strategiplanforslag til korleis ein hyttestrategi/deltidsinnbyggjarstrategi kan utarbeidast og sjå ut.

Kommentar: Hyttelaga kjem med omfattande og gode innspel til samfunnsdelen. Mange av innspele er teke omsyn til i planutkastet.

Margaret Heldor

Satse meir på rekruttering, at barnehagane og skulane har ein gjennomgåande opplegg rundt landbruk og skogbruk. At Løken gard også kan utvikle seg til å bli eit kompetansesenter for turistar, barn og unge. Landbruket – meir fokus på høns og geiter?

Kommentar: Innspellet er teke til vitande.

Liastølen kulturlag v/Solveig Sandberg

Midt i sentrum av Beitostølen ligg Liastølen. Med dagens fortetting av Beitostølen ligg Liastølen der som ei «grøn lunge» som ei påminning og kva Beitostølen tidlegare var, ei stølsgrend. Kulturlaget oppfordrar kommunen til å tenkje på framtida til Liastølen. Har Liastølen i dag ein verdi og vil den ha ei verdi i framtida for Beitostølen og kommunen? Korleis kan ein tenkja seg vidare drift den dagen kreftene til eldsjelene ikkje lenger strekk til?

Kommentar: Liastølen i Beitostølen sentrum er ein viktig ressurs på Beitostølen og vil bli nærmare vurdert i samband med revidering av arealdelen av kommuneplanen.

Samla vurdering:

Det har vore brei medverknad i planprosessen både blant innbyggjarar og ikkje minst av

kommunestyret sjølv. Dette gjev grunnlag for eit godt eigarskap til planen. Høyringsprosessen kan bidra til enno breiare eigarskap og til vidareutvikling av planutkastet.

Planutkast som er kort i forma. Dette er gjort for å ha eit strategisk fokus i planen. Rådmann vurderer at ein kortfatta og strategisk plan vil vera eit betre styringsdokument for kommunen, enn ein meir ordrik plan.

Ei overordna problemstilling til vera kva mål kommunen skal ha for folketalsutviklinga. I planutkastet har vi lagd til grunn tilrådinga frå Distriktsenteret om å ha realistiske mål for folketalsutviklinga. Rådmann vil særleg oppmøde kommunestyret om å drøfte dette punktet i planutkastet før høyring av plandokumentet.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret legg planutkastet slik det ligg føre ut på høyring i perioden 20.november til 4. januar 2021.

Kommunestyret 19.11.2020:

Behandling:

Kommunestyret gjev rådmann fullmakt til å ta inn punkt under Gode lokalsamfunn om tenesteytinga til kommunen og gjere mindre opprettingar av dokumentet før høyring

Samrøystes vedteke

KS- 74/20 Vedtak:

Kommunestyret legg planutkastet ut på høyring i perioden 20.november til 4. januar 2021.

Rett møtebok: